

## **Innspill til kommuneplanen sin Arealdel, fra 11/2**

### Bakgrunn:

Det meste av 11/2 på Hølleland er selt ut til fritid -og bustadeigedomer på 1950-70 tallet. Det står igjen ca. 26 daa på oppsida av fylkesvegen. Tidlegare inngjekk også dette i bustadfeltet på Hølleland, men blei tatt ut (tilbake til LNF) ved den siste rullering. Vedlagt eit utsnitt av eksisterande plan. Dette viser at nesten heile Hølleland, med alle bebudde tomter, er rasfarleg for snøras. Dette har vore påpeika som ein stor modellfeil tidlegare. Det bratte terrenget ligg ikkje 1000+ meter over havet, typisk Hardangervidda, men ved sjøen på Vestlandet der det knapt kjem snø. Dette må endrast(risikovurderast ut), det har aldri vore ras og kjem heller ikkje til å bli snørasutsett

### Innspill:

1. Det meste av 11/2 ligg for høgt og fritt til bustadutbygging, men attraktivt til enkel overnatting (reiseliv), av type bakke/tretopphytter som det vert spurt etter. Fantastisk utsikt over fjord og fjell i eit sørvestvendt område. Vist i kartet med rosa farge(næring)
2. Den nederste delen, der Gardshuset og løa stod, eignar seg for to bustadeigedomer. Dette har også vegvesenet vore positiv til, løyve til auka bruk av avkøyring med 2 einingar. Vi ønskjer derfor eit SB-felt på Hølleland der det opnast for 2 nye einingar på 11/2, sjå vedlagt kart. Det er etterspørsel etter nye tomter på Veland/Hølleland. Fortetting av dagens bustadfelt. Gul farge i vedlagt kart.

Med vennlig hilsen

Rune L. Skår, Eigar av 11/2